



NAV Vestland

Dato

30.04.2019

Regionaliseringsprosessen i NAV

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd har i møtet 24.4.2019 vedteke følgjande fråsegn:

Region Sogn vart frå 1.1.2019 oppretta som ein av ni regionar i nye Vestland fylke. Etter opprettinga av dei nye regionane har det vore stor usikkerheit knytta særleg til økonomi. Vi har fått informasjon om at regjeringa har vedteke ein ny budsjettfordelingsmodell som gjer at dei tre regionane i tidlegare Sogn og Fjordane kjem dårleg ut og at region Sogn kjem spesielt dårleg ut. Det er tildelt i overkant av 6 millionar mindre til Sogn i år enn i 2018. Dei statlege stillingane som vart flytta ut til regionane då fylket vart lagt ned, i overkant av 5 stillingar, får ikkje med seg lønsmidlar frå 2020. Desse stillingane må finansierast av eksisterande budsjett i region Sogn, altså eit budsjett som alt er redusert pga den nye budsjettfordelingsmodellen. Det blir vidare opplyst at fordi det nye fylket har funne midlar frå dei andre regionane og omfordelt dei, er Sogn i år «kun» minus i overkant av 4 millionar.

Etter det vi får opplyst legg den nye budsjettfordelingsmodellen opp til å kanalisera pengane frå dei folkefattige områda med små problem til dei store folketette områda med større problem. Det er også ulik økonomi i dei ulike regionane, slik at nokre regionar har meir pengar enn andre.

Sogn regionråd er sterkt uroa for denne omfordelinga, som vil føre til svekka tenestetilbod frå NAV og færre tilsette og kontor i distrikta. Dette vil særleg ramme Sogn.

Tidlegare NAV Sogn og Fjordane kunne vise til dei beste resultatane i landet på overgang til arbeid for arbeidssøkjjarar, overgang til arbeid for personar med nedsett arbeidsevne, kontakt og samarbeid med næringslivet og tett oppfølging av sjukmelde. NAV-kontora i Sogn og Fjordane kunne vise til høge resultat i landstoppen innan den balanserte målstyringa som NAV bruker.

Sogn regionråd er opptekne av omlegginga i NAV ikkje medfører tap av kompetanse og dårlegare tenester for brukarane i regionen vår. Sogn regionråd meiner konsekvensane av den nye ressursfordelinga er store for vår region, og er sterkt uroa for at dette gir dårlegare tenester for våre brukarar.

Med helsing

Jan Geir Solheim
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift